



Gol kommune

Journalnr: 77/18

Arkiv: 111

Vår ref: AGJ

Dato: 18.07.2018

## ØKONOMIPLAN 2019 -2022 FOR GOL KYRKJELEGE FELLESTRÅD

Fellestrådet handsama økonomiplan for perioden 2019 -2022 i møte 13.06.18 og gjorde slik vedtak:

### Gol kyrkjeleg fellestråd i møte 13.06.2018

#### VEDTAK :

#### Til økonomiplan i kommunen:

Investeringar:	2019	2020	2021	2022
Utviding av gravplassen ved Gol kyrkje	255 000 + grunnkjøp av 3,2 dekar.	1160 000 Estimert kostnad	1160 000 Estimert kostnad	

**Overgang til nytt datasystem Kirkepartner må utgreiast meir og blir lagt fram i augstmøtet.**

#### Frå eiga disposisjonsfond:

Eventuelt asfaltering av parkeringsplass ved Gol kyrkje.

Det er altså 2 saker som blir sendt til kommunen:

1. Utviding av gravplass ved Gol kyrkje . Her kjem same tala som var estimert i fjor. Hausten 2018 skal det takast prøver frå området som er peika ut og då kan ein finne ut om det trengs masseutskifting osv. Då kan meir eksakte summar reknast ut i etterkant. **Gjer også merksam på at grunnkjøp av 3,2 dekar dyrka mark ikkje ligg i kostnaden som er stipulert.**
2. Alle kyrkjekontora i Hallingdal har fått tilbod på å gå over til Kirkepartner sitt datasystem. Tilbodet gjeld dersom alle går over samtidig og er eit pakketilbod der vi som har så små einingar blir sett på som ein eining. Her er det ein del utrekningar om kva det vil koste og kva vi kan spare inn på det vi har i dag. IKT Hallingdal har lovd å levere underteikna noko på dette før midten av august. Denne saka vil derfor ikkje vera på plass før slutten av august/tidleg i september og blir ettersendt.

Dersom tala skal leggest inn i skjema, så ber eg om tilbakemelding, eventuelt få tilsendt skjema som skal brukast.

Med vennleg helsing  
Anne Gerd Jorde  
kyrkjevevje